

Kjære 8. klassing  
og foreldre/føresette!

# Snart Konfirmand

- innskriving til konfirmandåret 2023/2024

2024  
KONFIRMAND



Fjelberg og Eid

VIKTIG!



Påmelding  
på [www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no)  
innan tirsdag 13. juni

# Kjære deg!

No vil kyrkjelyden din invitera deg til å verta med oss i konfirmasjonstida 2023/2024.

Konfirmasjonstida er ein viktig del av trusopplæringa i kyrkja vår, så vi reknar med at de som er døypte og medlem av Den Norske Kyrkja vert med på konfirmasjonsopplegget. Skulle nokon likevel finna ut at dei ikkje ynskjer å vera med på konfirmasjonsdagen, kan vi koma tilbake til det seinare.

Dersom du ikkje er døypt, kan du vera med i konfirmasjonstida, bli kjend med trua og velje om du vil bli døypt undervegs. Konfirmasjonsdagen er for dei som er døypte.

## Konfirmasjonstida i Fjelberg og Eid sokn har fylgjande opplegg:

- **Info-møte for konfirmantar og foreldre/føresette**  
torsdag 17. august kl. 18.00 i Eid kyrkje (*fyrste skuledag*)
- **8 gudstenester**, inkludert presentasjonsgudsteneste, samtalegudsteneste og konfirmasjonsgudsteneste.
- **Weekend til Brandøy 25.-27. august 2023**  
(evt. ei kveldssamling for dei som ikkje har høve til å vera med.)
- **Undervisning på Zoar bedehus**  
onsdagar kl. 18.00 - 19.30 (med matpause) etter oppsett plan.  
I tillegg kjem undervisningssamling i kyrkja og øving til samtalegudstenenste og konfirmasjon.
- **Tilbud om å vera med på Nattcup innebandy laurdag 11. november**  
GRATIS for konfirmantar å vera med og spela i turneringa.
- **Tenesteoppgåve** med innsamling til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

# Innskriving på nett innan tirsdag 13. juni

...men det er lurt å gjere det med det same, så gløymer du det ikkje.

Får du problem med innmelding på nett, så ta kontakt på [post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no](mailto:post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no) eller tlf. 90 53 19 10 (Ikkje SMS).

**NB! ALLE** må registrere konfirmantane på internett.

Då går de inn på [www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no). Velg "Konfirmasjon" under Snarvegar og klikk deg inn på artikkelen "Velkommen som konfirmand 2023/24). Gå vidare til skjema for heile kommunen og **fyll ut før tirsdag 13. juni**.

**NB!** Sjekk på [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) folkeregister korleis namnet til konfirmanter skal skrivast og før rett namn på innmelding. Dersom nokon endrar på namnet etter innmelding, må de gje beskjed til kyrkjekontoret.

## Kostnader:

Konfirmantane betalar ingenting for undervisningsmateriellet, men alle betalar **kr. 400,-** til dekking av utgifter til kveldsmat m.m. Weekend til Brandøy 25.-27. aug kjem på **kr. 1750,-**. Dette inkluderer både reis, aktivitetar og kost og losji heile helga. De får tilsendt faktura som e-post for desse innbetalingane. **NB!** Ikkje vær redd for å gi beskjed om de ynskjer delbetaling, eller t.d. utsette 1 mnd, så ordnar me det!

## Presentasjonsgudsteneste (*felles for alle uansett konfirmasjonsstad*):

Søndag 3. september kl. 11.00 i Eid kyrkje.

Det er fint om de som foreldre/føresette er med på dei gudstenestene som konfirmanter deltek på i løpet av konfirmasjonstida.

## Konfirmasjon 2024:

**Fjelberg kyrkje** søndag 28. april kl.11.00.

**Eid kyrkje** laurdag 4. mai og søndag 5. mai kl.11.00.

Ved påmelding på heimesida legg de inn **yngje om konfirmasjonsdag og kyrkje**. Har de ein spesiell grunn, så skriv det i skjemaet. Har de avtale mellom to konfirmantar som skal bruke same lokale, ein laurdag og ein søndag, så skriv begge konfirmantane dette i grunngjevinga.

Soknerådet tek endeleg avgjerd om fordeling på laurdag og søndag med to like store grupper. I løpet av hausten får de melding om kva dag konfirmanter får tildelt.



**Vi ynskjer at konfirmasjonstida skal bli ei fin tid for kvar einskild.  
Då er det viktig at alle gjer sitt til at det skal lukkast,  
og vi har sett opp nokre ordensreglar:**

- 1) **Møt presis** til alle samvær (helst nokre minutt før).
- 2) **Fråvær.**  
Har du god grunn til å vera borte frå eit samvær, må føresette be deg fri på førehand.  
Er du borte frå undervisningssamvær p.g.a. sjukdom, må konfirmantlærar/prest få melding.
- 3) **Ta med til kvart undervisningssamvær:**  
Konfirmanthefte og skrivesaker.
- 4) **Ro og orden.** I alle samvær skal det vera ro og orden som gjev høve til konsentrasjon og arbeid. Slik kan utbytte av samværa verta best mogeleg.  
Om nokon skaper uro i ein time, kan han/ho verte bortvist frå timen og må evt. møta til ekstratime. Foreldre/føresette vil verta informert.
- 5) **Det er ikkje tillate å bruka mobiltelefon i undervisningssamvær.**

**Så ynskjer vi vel møtt  
og vonar det vert ei fin konfirmasjonstid med gode opplevingar!**



Med venleg helsing

**Carsten Mrusek**

Sokneprest i Fjelberg og Eid sokn  
[mrusek.carsten@gmail.com](mailto:mrusek.carsten@gmail.com)

**Tlf.: 916 63 816**

Kyrkjekontoret i Kvinnherad  
Klubbavikjo 9, 5451 Valen  
[post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no](mailto:post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no)  
[www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no)



**Ei levande kyrkje**  
- i Kvinnherad

TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

**For så elska Gud verda at han gav Son sin,  
den einborne, så kvar den som trur på han,  
ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.**